

LINDÅS KOMMUNE 09-June-2016

Klassering	
09. 06. 2016	
Ark. saksnr.	Løpenr.
15/2952 ut	
Saksi.	Tilgangskode
15/2209 inn	

Til
Lindås kommune

Fra
FAU Trafikksikringsgruppe Alversund skule og
grunneigar Liv Unneland gnr 137/bnr 14

01.06.2016

GJELD FARLEG SKULEVEG/TRASÈ GJENNOM BENSINSTASJON FOR ELEVAR FRÅ HILLAND SOM SKAL TIL ALVERSUND SKULE

Elever som ferdast over brua i Alversund og skal til Alversund skule, går i dag inn på område til bensinstasjonen («Gabben») for å komma til og frå skulen. Skulevegen deler elevane i dag med biltrafikk i forbindelse med bensinstasjonen.

Dette er svært uheldig og utgjer ein større risiko for elevane.


FAU Trafikksikringsgruppe har nyleg sendt inn innspill til kommunen i forbindelse med det pågåande arbeidet knytt til rullering av kommunen sin Trafikksikringsplan.

Lørdag 29/5 tok leiar for FAU Trafikksikringsgruppen ved Alversund skule (Geir Bruland Tønning) kontakt med grunneigar av det aktuelle område (Liv Unneland gnr/bnr 137/14) for å lufta moglegheita for alternativ gangveg/trasè til skulen.

FAU og Alversund skule ønskjer ei alternativ rute for elevane frå bru til skule for å unngå trafikkfarlige situasjonar. For å få dette til må alternativ gangveg gå over eigedom til Liv Unneland.

Grunneigar Liv Unneland stiller seg positiv til å greia ut saka vidare. Grunneigar ønskjer dialog med kommunen for saman å finna den beste løsinga for alle partar.

Trafikksikringsgruppa anmoder derfor Lindås kommune å kalla inn grunneigar Liv Unneland til dialogsmøte for å starte denne prosessen.



Geir Bruland Tønning
Leder Trafikksikringsgruppen FAU Alversund barneskole



Liv Unneland
Grunneier Gnr 137, bnr 14



Gunhild Unneland Alver
Datter til grunneier (eier interesse)